

AVTALE

mellom

Meland kommune

og

Trygve Sagstad

Eigarar av gbnr. 23/401 i Meland kommune

Meland kommune og eigar av gbnr. 23/401 i Meland kommune har inngått følgjande avtale om legging av leidningar og overvatnssluk på eigedomen, samt avtale om omlegging av avkøyrsel for naboeigedom gbnr. 23/50, der kommunen er ansvarleg for prosjektering og anleggsarbeid:

1. Meland kommune skal bygge vatn- og avlaupsleidning langs Mjåtveitvegen på Frekhaug. På same strekning skal det byggjast fortau. Fortauet skal starte der som noverande fortau avsluttar, og fortsett langs vegen på same side. Vatnleidningane skal liggje under fortauet. For å få frigjort areal til fortau er det naudsynt at eigedom gbnr. 23/50 får lagt om sin private avkøyrsel til eigedomen. Noverande avkøyrsel for eigedom gbnr. 23/50 vil bli erstatta med ein ny avkøyrsel via gbnr. 23/401, som synt på vedlagt kart. Av omsyn til trafikktryggleik er det mest tenleg at grunneigar og eigedom gbnr. 23/50 i framtida nyttar same avkøyrsel for å kome seg til kommunal veg(Mjåtveitvegen). Grunneigar gjev gjennom denne avtalen Meland kommune rett til å lage ny avkøyrsel for eigedom gbnr. 23/50 via grunneigar sin eigedom.
2. Den aktuelle plasseringa av avkøyrsel til gbnr. 23/50 er synt på vedlagte forstørring av kart i målestokk 1:1000. Det kan bli mindre tilpassingar av trasèen innanfor anleggsbeltet i samband med detaljprosjekteringa og utføringa av vegen.
3. Meland kommune har også rett til tilkomst til eigedomen der det skal anleggjast veg i anleggstida, samt rett til å nytte omkringliggjande private framkomstvegar som grunneigar er heimelshavar til, dersom det er naudsynt for å få gjennomført anleggsarbeidet.
4. Arbeidet med den nye avkøyrsel skal utførast slik at det valdar minst mogleg skade og ulempe. Der eigedomen vert berørt skal dei opphavlege forholda bli gjenoppretta i den grad det er mogleg. Følgjande er nærare avtalt:
 - I samband med sikring av eldre vassleidningar må kommunen undersøke grunneigar sin eigedom der dei noverande VA-leidningane ligg. For å drenere framtidig overskotsvatn i området er det planlagt at det skal setjast inn ein overvatnssluk på eigedomen, som vist på vedlagt kart. Kommunen er ansvarleg for seinare tilsyn og vedlikehald av sluken.
 - For å sikre eigar av gbnr. 23/50 tilkomst til eigen eigedom, vil avkøyrsel til eigedomen gå over vegen til grunneigar. Kommunen legg følgeleg til rette for at grunneigar og eigedom gbnr. 23/50 skal nytte same avkøyrsel til Mjåtveitvegen via eigedom gbnr. 23/401 over fortauet. Fortauet vil bli nedsenka ved avkøyrsel til eigedomane.

- Kva gjeld tilbakeføring av området vil kommunen masseutskifte og forsøke å jamne ut området som bli rørt av arbeidet så langt det let seg gjera. Meland kommune vil og leggje asfalt på eigedomen, som synt på vedlagt kart. Av omsyn svingradius vil det og bli lagd asfalt i området foran garasjen til grunneigar.
- 5. Før anleggsarbeidet startar opp føreset kommunen at eigar av gnbr. 23/50 har vegrett over grunneigar sin eigedom for å kome seg ut på Mjåtveitvegen. Kommunen krev at grunneigar og eigar av gnbr. 23/50 inngår ein skriftleg avtale om vegrett seg imellom **innan 05.02.2019**, og at kommunen har fått tilsendt kopi av avtalen.
- 6. Kommunen vil understreke at denne avtalen er mellom Meland kommune og grunneigar av gnbr. 23/401. Denne avtalen regulerer følgeleg ikkje det privatrettslege forholdet mellom grunneigarene.
- 7. Denne avtalen regularar kun det området på eigedomen som er markert i vedlagt kart. Kva gjeld fundamentaring under garasjen på eigedom gbnr. 23/401 vil kommunen forsøke å leggje til rette for eit samarbeid med grunneigar. I så tilhøve vil det bli avtala nærare, og kommunen føreset at grunneigar betaler sjølv for eit slikt ekstraarbeid.
- 8. Eventuell erstatning for skade eller ulempe som måtte bli påført eigedomen som følgje avtalen skal erstattast ved minneleg overeinskomst eventuelt skjønn.
- 9. Etter at arbeidet er utført skal Meland kommune, saman med grunneigar, gjennomføre synfaring.
- 10. Denne avtalen skal tinglysast som hefte på eigedomen. Meland kommune betalar kostnadene ved tinglysinga.

Stad og dato:.....

Stad og dato:

Eigar av gnr. 23 bnr. 401

Meland kommune

.....

.....

Personnr.:.....

Orgnr.: 951 549 770